



Thomas Vågenes
Lindåsvegen 1941
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/76 - 17/11700

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
21.04.2017

Svar på førespurnad om overtaking av veg til Løtveit

Teknisk drift syner til Dykkar førespurnad om kommunen kan overta privat veg til Løtveit. Kommunen er på noverande tidspunkt inne i ei prosess der vi ønskjer å privatisere kommunale vegar. I samband med denne prosessen har kommunen har satt grenser for når kommunen vil vurdere å overta privat veg som kommunal.

Minstekrav for overtaking av privat veg:

- Vegen skal være minimum 150 meter lang og skal føre til minst 50 bueiningar.

Det vert i tillegg sett krav om at veganlegg som kommunen skal overta skal overleverast som eit heilt nytt anlegg inkl. nødvendige skilt og fartsdempingar. Ved overtaking av veg skal både veganlegg og veggrunn overførast til kommunen vederlagsfritt. Alle kostnader i samband med slik overtaking tilfaller dagens veigar.

Tilstand på veg til Løtveit:

Vegstrekninga er om lag 640 meter. Teknisk drift har vurdert tilstanden på vegen til Løtveit som svært dårleg. Dei fyrste 300 metrane er prega av groing midt i vegen og høge torvkantar på sidene. I tillegg kjem det opp jord midt i vegen i krysset inntil Fv 57. Store delar av strekket har hjulspor på 15-20 cm.

Tiltak:

- Grøfterensk, groing og torvkantar må fjernast
- På same strekket må vegbana byggast opp med puk og veggrus str 0-32 mm, før ein legg på topplag med veggrus str 0-16 mm
- Nye stikkrenner
- Piggingsprening av fjell som stikk opp i vegbana og grøft
- Masseutskifting enkelte stader langs strekket

På dei neste 340 metrane er tilstanden dårlegare. Her er vegen å betrakte som ei traktorveg. Veggruss er borte og vegen består av storstein og jord/morene. Det er ingen spor etter finstoff. Det er hjulspor på 20-30 cm på store delar av strekket.



Tiltak:

- Grøfterensk
- Rensk av vegbane i full breidde
- Byggje opp veg med pukkk og veggrus str 0-32 mm før ein legg på topplag med veggrus 0-16 mm
- Fjell i dagen må piggast/sprengast
- Eit høgbrekk må senkast 1,5-1,8 m i ei lengde på ca 25 m.
- Delar av vegen må hevast 0,8-1,0 m.
- Snuhammar må etablerast. Her er det god plass til det.

Lindås kommune har gjort eit estimat for kva det vil koste dagens vegeigar å setje veg i brukbar stand. Estimatet viser at det vil koste minimum 1 500 000,- for å oppgradere vegen til ei brukbar stand. Ei slik sum er ei stor konstad for vegeigar. Vi gjer merksam på at oppgradering av veg ikkje er garanti for kommunal overtaking av veg.

Kostnadsestimat:

Arbeidsoppgåver	Mengde m/t/tonn	Einingskost	Kostnad	Merknad
Grøfterensk 1200 m	1200	25	30 000,-	
Reinsk av vegbane/ torvkant			100 000,-	Gravemask., lastebil = 10 000,-/dg x10
Deponiavgift			20 000,-	
Masseutskifting vegkropp	240	150	36 000,-	Antatt 30 m
Maskintimer masseutskift			25 000,-	
Pukk 64-120 mm	3500	150	525 000,-	Inkl. transport
Sprengingsarbeid	500	200	200 000	200,-/m³ fast fjell
Gravemaskin + lastebil	17	10 000	170 000,-	Totalt 30 dagar anleggstid
Stikkrenner	10	12000	120 000,-	Inkl. singel
Grus 0-32 mm	900	150	135 000,-	Ferdig strødd
Grus 0-16 mm	650	150	97 500,-	Ferdig strødd
Maskintimar høvling	30	800	24 000,-	
Uforutsette utgifter			50 000,-	
Totalt			1 532 500,-	

Vårt estimat har ikkje teke med andre kostnader som vegeigar må dekke ved kommunal overtaking av veg. Orsaka til dette er at veg til Løtveit ikkje oppfyller dei kriterier som kommunen har for å overta veg. Tilbakemelding til Dykk er at kommunen ikkje overtar veg til Løtveit.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Thomas Vågenes

Lindåsvegen 1941 5955

LINDÅS